

Fann mange uventa skattar

MASFJORDEN: – Eg tenkte eg kom til å finna mange åkle og åttebladrosar, men der tok eg feil.



Av Gunn Berit Wilk Berg
gunn.berit@stilen.no

Det seier Marta Kløve-Juuhl, som søndag kunne visa fram 132 nye og gamle vevde tekstilar ho har saumfare Masfjorden etter siste halve året.

Balla fort på seg
Kløve-Juuhl, er opphavleg frå Voss, har vevstove i Ytre Arna og arbeider halv stilling som formidlar ved Ostereidet museum. Kva som fanst av vevnad i Masfjorden hadde ho inga peiling på, men det var litt av vitsen fekk ho vita.

– Kommunen ville ha nokon utanfrå slik at det på ingen måte vart tekne lokale omsyn, seier ho. Sidan februar har ho difor farta Masfjorden på kryss og tvers på jakt etter tekstilar.

– Eg hadde berre eit par namn på blokka, men nokon kjenner alltid nokon som kjenner nokon, så det balla fort på seg, ler ho.

Vart overraske

Som vossing hadde ho sett føre seg at også Masfjorden var full av åkle og åttebladrosar. Men der tok ho grundig feil, og befriande var det, syntest ho. I tillegg til å finna andre tekstilar enn ho hadde tenkt, fann ho også mykje meir. Sjølvstyg fann ho litt åkle og åttebladrosar også, men det som dominerte var nyttetekstilar, mange av dei i friske, skarpe og flotte fargar.

Nyttetekstilar

Og blant det ho fann, ramsar ho opp både dynetrekk, putetrekk,

sengeteppe, kvitlar, gardiner, kjøkkenhandklede, små dukar til kjøkkenbord og store dukar til spisebord, såkalla bordteppe. I tillegg fann ho mange løparar i alle slags teknikkar – noko nytt og noko gammalt.

– Blant dei artigaste tinga eg kom over, var ein brudgomsdress i heimevevd vadsmål og ein dress med nikkars og dressjakke i tweedstoff med utruleg lekker skreddarsaum. Og så fekk ho tak i ein brun og ein blå stoffstu med møbelstoff.

Elles fann ho ein del eldre vevbøker, fleire bunadsstakkar, eit folleskjørt frå 50-talet, ein del stakkatøy og nokre åkle.

– Fleire av desse åklede hadde ruter og ornamentliknande blommar. Andre hadde meir striper, seier ho.

Kvinge ullvarefabrikk

På masfjordturneen fekk ho også vita at det fram til 1970-talet var ullvarefabrikk på Kvingo. Det ante ho ikkje før ho kom over ein del løparar og puter vevd av ein garnstype ho ikkje hadde sett før.

– Dei duse, raudbrune og melerte fargane og funksjonsmonstera var heilt nye for meg, seier ho oppglødd.

– Det er ikkje tvil om at dei lokale bedriftene har sett sitt preg på varetilgangen og etterbehandling av stoffa, legg ho til.

Nytt og gammalt

– Kva var det eldste du fann?
– Det veit eg faktisk ikkje. Ut frå mi erfaring kan eg sjå ut ifrå teknikkar og liknande at det er gammalt, men eg kan ikkje seia akkurat kor gammalt. Men ein del av det eg har med på utstillinga er nok frå midten av 1800-talet, seier ho.

Katalogisert og merka

Etter kvart som Kløve-Juuhl har samla inn tekstilar, har ho merkt kvar tekstil og ført dei inn i ein katalog. Når alt er fotografert vil



132 TEKSTILAR: Solveig Jordal (tv.) og Marta Kløve-Juuhl presenterte 132 tekstilar på utstillinga i fargeriet på Sandnes søndag. Tekstilregistreringa var på oppdrag frå Masfjorden kommune. (Alle foto: Rune Garmann)

funna enda opp i eit skriftleg materiale hjå kommunen.

– Kva skal du gjera med tekstilane etter utstillinga?

– Då skal eg levera dei tilbake til dei eg har lånt dei frå, seier ho.

Populær utstilling

Om sjølve utstillinga fortel Kløve-Juuhl at den har teke tre dagar å montera. Då hadde ho også med seg Solveig Jordal som arbeider i kulturverntenesta i Nordhordland.

– Det vart veldig fint, og det var smikkande fullt med folk under opninga, seier ho.

Utstillinga vil vera open i helgane fram til 12. september. Men om ein skulle ha eit ærend til Sandnes midt i veka, trur Kløve-Juuhl det heilt sikkert er nokon på kommunen som kan låsa opp for ei stund.

Prisverdig initiativ

– Dei har vore utruleg positive og hyggelege heile vegen og det er

prisverdig at kommunen har teke eit slikt initiativ, understrekar ho.

– Kjenner du til andre kommunar som har løyvd pengar til tilsvarande prosjekt?

– Nei, ikkje i Hordaland i alle fall, for då ville eg visst om det. Åkleregistrering er ikkje uvanleg, men å registrera vevde tekstilar generelt, har eg ikkje høyr om, seier den overraske vossingen.



VOGGETEPPER: Dette voggeteppe er nytt, men vevd i gammal teknikk.



SUDAN DUDAN: I samband med opninga av utstillinga, heldt folkemusikarane Marit Karlberg (vokal og langeleik) og Anders Reine (vokal, gitar og munnharpe) i duoen Sudan Dudan, ein vakker konsert.